



Saksprotokoll

Organ: Fylkesrådet for eldre

Møtedato: 07.05.2018

Sak nr.: 18/5992-2

Internt l.nr. 26213/18

Sak: 5/18

Tittel: Høringsuttale frå fylkesrådet for eldre - økonomiplan 2019 - 2022

Behandling:

Forslag til uttale

- I alt plan- og omstillingsarbeid må det leggjast vekt på at dei mest sårbare gruppene ikkje vert spesielt hardt råka.
- Folkehelseperspektivet må ha høgt fokus. Det må leggjast til rette for å ta gode val og styrke folkehelsa.
- I planarbeidet med nye fylkesveggar må det også planleggast gang/sykkelvegar. Busstopp må utformast universelt og det er framleis ein del eksisterande stopp som er direkte trafikkfarleg plassert og må byggast om eller flyttast.
- Rassikringstiltak må ha høg prioritet for å gjere kvardagen betre for brukarane.
- Ved ruteendringar eller rutekutt vert som regel utkantane råka. For å kompensere for problema som oppstår, må serviceskyssen byggast vidare ut for å kompensere for bortfall av ruter. Det må vurderast å innføre ei ordning med «bestillingsskyss». Mange i utkantane har problem med å knytte seg til ekspressruter grunna mangel på tilførselsruter. Ei ordning med «bestillingsskyss» kan løyse slike problem.

Endringsframlegg:

Skrive om siste kulepunkt til:

- Serviceskyssen er eit viktig tilbod i utkantane, som ikkje bør reduserast men vidareutviklast.

Ta med to nye kulepunkt:

- Det er viktig at fylkeskommunen i prosessen med byggeprosjekt og andre investeringar, tek i vare universell utforming.
- Vi har ynskje om ei auke i budsjettet for fylkesrådet for året 2019, sidan det kan vere behov for felles møte med fylkesrådet for eldre i Hordaland i samband med fylkessamanslåinga.

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- I alt plan- og omstillingsarbeid må det leggjast vekt på at dei mest sårbare gruppene ikkje vert spesielt hardt råka.
- Folkehelseperspektivet må ha høgt fokus. Det må leggjast til rette for å ta gode val og styrke folkehelsa.
- I planarbeidet med nye fylkesveggar må det også planleggast gang/sykkelvegar. Busstopp må utformast universelt og det er framleis ein del eksisterande stopp som er direkte trafikkfarleg plassert og må byggast om eller flyttast.
- Rassikringstiltak må ha høg prioritet for å gjere kvardagen betre for brukarane.

- Serviceskyssen er eit viktig tilbod i utkantane, som ikkje bør reduserast men vidareutviklast.
- Det er viktig at fylkeskommunen i prosessen med byggeprosjekt og andre investeringar, tek i vare universell utforming.
- Vi har ynskje om ei auke i budsjettet for fylkesrådet for året 2019, sidan det kan vere behov for felles møte med fylkesrådet for eldre i Hordaland i samband med fylkessamanslåinga.